

Klimafilm > Tiltak som verkar

Kor kraftige klimaendringane blir, er i stor grad avhengig av kor mykje vi kuttar i utslepp av drivhusgassar. Først og fremst må vi leggje om til meir klimavennleg energiproduksjon og bruke energien meir effektivt. Vi må ta i bruk kjend teknologi, utvikle ny teknologi, vurdere kva tiltak som verkar best, og spreie teknologi over landegrensene. Klimatiltak vil i stor grad handle om politikk. Samtidig er det ofte komfortabelt å skyve ansvaret over på «systemet». Då kan vi halde fram med å forbruke som før, vårt bidrag er jo berre som ein drøpe i havet. Men forbruk av varer, oppvarming av bustader, transport til skule og jobb, feriereiser og avfallshandtering er også ein viktig del av biletet. Kva kan du gjere for å leve meir klimavennleg?

Oppgåver før du ser filmen

1. Gi eksempel på tiltak som kan redusere CO₂-utslepp.
2. Kva kan du sjølv gjere for å redusere CO₂-utslepp?

Oppgåver til filmen

1. Gi to eksempel på land som bruker mykje energi per innbyggjar, og to eksempel på land som bruker lite energi per innbyggjar. Kvifor trur du desse landa har forskjellig energibruk?
2. Noreg slepper ut 8,5 tonn CO₂ per innbyggjar per år, mens tilsvarande tal i Sverige er 5 tonn. Kvifor er CO₂-utsleppa større i Noreg enn i Sverige?
3. Korleis kan vi endre energibruken slik at vi reduserer CO₂-utsleppa?
4. Beskriv hovudprinsippa for korleis moderne solceller verkar.
5. Kvifor kan forskning på solceller vere eit viktig bidrag for å redusere CO₂-utsleppa?
6. På Mongstad arbeider forskarar med fangst og lagring av CO₂. Kva utfordringar må løysast før slik teknologi kan takast i bruk?
7. Kva tiltak kan du som vanleg person gjennomføre i løpet av ein vanleg dag?
8. Korleis kan du påverke politiske vedtak som fremjar tiltak for å redusere CO₂-utslepp?

Fordjupingsoppgåver

1. Beskriv korleis avfallshandtering og avfallsmengd av i dag aukar CO₂-utsleppet.
2. Kva tiltak for avfallshandtering og reduksjon av avfallsmengd kan bidra til å redusere CO₂-utslepp?

3. Tenk deg at alle familiar i Noreg må redusere transport med personbil med 50 %. Kva konsekvensar vil dette få for deg?